



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Kalvåg i Bremanger
Møtedato	19.03.2019
Kl.	10:00-15:30

Faste medlemmer til stades:

Noralv Distad H
Bjørn Hollevik H
Sigurd Reksnes Sp
Arnstein Menes Sp
Gunn Sande Sp
Helen Hjertaas Ap
Harald Bjarte Reite AP
Stein Malkenes MDG

Forfall til møtet:

Gunnhild Berge Stang V

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Dina Lefdal

Sekretariat for møtet:

Monica Åsnes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutval for samferdsle valde møteleiar og Arnstein Menes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orientering og synfaring frå Bremanger kommune v/ordførar Audun Åge Røys, kommunalsjef Karl Vidar Førde og hamnesjef Monica Sande

Presentasjon av utgreiing Bergen-Ålesund, Stad skipstunnel v/Øystein Hunvik

Orientering om prosessen rundt kjøp av rutetenester med båt og framdriftsplan v/Øystein Hunvik

SAK 6/19 Kjøp av rutetenester med båt frå 1. mai 2022

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre tilbuds konkurranse for tenestekjøp av hurtigbåtruter frå 1. mai 2022, innanfor rammene av gjeldande økonomiplan. Det vert lagt til grunn at heilårseffekten av krav knytt til klima, miljø og universell utforming vert innarbeidd i økonomiplanen.
2. Rutetilbudet skal vidareførast på dagens nivå og i tråd med føringar i RTP 2018-2027 og FT-sak 11/10;
 - a. Ordninga med å legge inn opsjonsruter i tenestekjøpet, der kommunane får høve til å kjøpe ekstraruter utover fylkeskommunalt minstetilbud, skal vidareførast.
 - b. Fylkesrådmannen får fullmakt til å vidareføre ordninga med felles rute- og ambulanserbåt i Florabassenget.
 - c. Aktuelle rutejusteringar skal vurderast.
3. For å bidra til utvikling og implementering av klima- og miljøvenleg teknologi skal føringane frå RTP vedkomande klima- og miljøtiltak innfriast så langt det er teknisk og økonomisk mogleg.
4. Ev. tilskotsmidlar frå eksterne finansieringsordningar knytt til klima og miljø skal kome i tillegg til ordinære midlar.
5. Standard og nivå på materiell og infrastruktur skal vidareførast, men tidsriktige løysingar skal søkast. Kapasitet og utforming må justerast i forhold til forventa behov.
 - a. Eldre båtar med mangelfull universell utforming må fasast ut med meir tidsriktig materiell.
 - b. Fart på båtane må vurderast opp mot hensiktsmessig klassifisering av farty og rutefunksjon.
 - c. Kaiar, venterom og trafikknutepunkt skal vidareutviklast med omsyn til universell utforming og trafikktryggleik.
6. Større endringar i kjøpet som krev utvida rammer skal godkjennast av fylkestinget.
7. Fylkesrådmannen kan avgjere innkjøpstekniske spørsmål som t.d. tildelingskriterium, avtaleperiodar, overgangsordningar og inndeling i rutepakkar.
8. Fylkesrådmannen kan avgjere fagspørsmål som t.d. fartøy, fart, universell utforming, rutetider, kapasitetsbehov og liknande.

Endringsframlegg:

Senterpartiet gjorde framlegg om nytt punkt 9:

Fylkestinget legg vedlagt plan for det vidare arbeidet til grunn for den vidare politiske handsaminga av saka, med sak til samferdsleutvalet 17. juni og 1. oktober.

Fellesframlegg – nytt punkt 3 (dei andre punkta flyttast ned):

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ha ned utsleppa frå hurtigbåtane i Sogn og Fjordane. Dette er ei naturleg vidareføring av satsinga på utsleppsfrie ferjer og hydrogenprosjektet fylket har arbeidd med. Ein ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak i juni kor punkta under er utgreidd, tidsnok til anbudsutlysinga i haust.

- a. Sogn og Fjordane fylkeskommune lyser ut anbudsruta Florø-Måløy- evt Selje t/r som et nullutslipps/lågutslippsanbud for hurtigbåtar. Er dette aktuelt for andre ruter, vert desse å lyse ut på same måte.

- b. Ruta må ha ein frekvens som gjer arbeidspendling mellom Florø, ytre Bremanger og Vågsøy (evt. Selje) enklare enn i dag, både på dag- og kveldstid.
- c. Fylkesrådmannen må vurdere kva som må til for å kome i posisjon til statlege støtteordningar som til dømes Enova.

Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne, hadde framlegg til slik endring i punkt 3:

Punktum etter innfriast.

Siste del av setningen går ut (så langt det er teknisk og økonomisk mogleg).

Ny tekst etter punktum:

Gjennom konsesjonsperioden skal ny teknologi fasast inn ved periodiske gjennomgangar og krav om teknologiske oppgraderingar.

Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne, sette fram slik justering av punkt 7 og punkt 8:

Fylkesrådmannen involverer HS (i samråd med ny plan for handsaming), i staden for kan avgjere.

Avrøysting:

Framlegg til nytt punkt 9 vart samrøystes vedteke.

Framlegg til justering av punkt 7 og punkt 8 fekk ei røyst og fall.

Endring i punkt 3 fekk 3 røyster, Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne, Gunn Sande, Senterpartiet og Bjørn Hollevik, Høgre, og fall.

Fellesframlegg til nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak med vedtekne endringar vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre tilbuds konkurranse for tenestekjøp av hurtigbåtruter frå 1. mai 2022, innanfor rammene av gjeldande økonomiplan. Det vert lagt til grunn at heilårseffekten av krav knytt til klima, miljø og universell utforming vert innarbeidd i økonomiplanen.
2. Rutetilbodet skal vidareførast på dagens nivå og i tråd med føringar i RTP 2018-2027 og FT-sak 11/10;
 - a. Ordninga med å legge inn opsjonsruter i tenestekjøpet, der kommunane får høve til å kjøpe ekstraruter utover fylkeskommunalt minstilbod, skal vidareførast.
 - b. Fylkesrådmannen får fullmakt til å vidareføre ordninga med felles rute- og ambulansesbåt i Florabassenget.
 - c. Aktuelle rutejusteringar skal vurderast.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ha ned utsleppa frå hurtigbåtane i Sogn og Fjordane. Dette er ei naturleg vidareføring av satsinga på utsleppsfrie ferjer og hydrogenprosjektet fylket har arbeidd med. Ein ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak i juni kor punkta under er utgreidd, tidsnok til anbudsutlysing i haust.
 - a. Sogn og Fjordane fylkeskommune lyser ut anbudsruta Florø-Måløy- evt Selje t/r som et nullutslipps/lågutsleppsanbod for hurtigbåtar. Er dette aktuelt for andre ruter, vert desse å lyse ut på same måte.
 - b. Ruta må ha ein frekvens som gjer arbeidspendling mellom Florø, ytre Bremanger og Vågsøy (evt. Selje) enklare enn i dag, både på dag- og kveldstid.
 - c. Fylkesrådmannen må vurdere kva som må til for å kome i posisjon til statlege støtteordningar som til dømes Enova.
4. For å bidra til utvikling og implementering av klima- og miljøvenleg teknologi skal føringane frå RTP vedkomande klima- og miljøtiltak innfriast så langt det er teknisk og økonomisk mogleg.

5. Ev. tilskotsmidlar frå eksterne finansieringsordningar knytt til klima og miljø skal kome i tillegg til ordinære midlar.
6. Standard og nivå på materiell og infrastruktur skal vidareførast, men tidsriktige løysingar skal søkast. Kapasitet og utforming må justerast i forhold til forventa behov.
 - a. Eldre båtar med mangelfull universell utforming må fasast ut med meir tidsriktig materiell.
 - b. Fart på båtane må vurderast opp mot hensiktsmessig klassifisering av farty og rutefunksjon.
 - c. Kaiar, venterom og trafikkknutepunkt skal vidareutviklast med omsyn til universell utforming og trafikktryggleik.
7. Større endringar i kjøpet som krev utvida rammer skal godkjennast av fylkestinget.
8. Fylkesrådmannen kan avgjere innkjøpstekniske spørsmål som t.d. tildelingskriterium, avtaleperiodar, overgangsordningar og inndeling i rutepakkar.
9. Fylkesrådmannen kan avgjere fagspørsmål som t.d. fartøy, fart, universell utforming, rutetider, kapasitetsbehov og liknande.
10. Fylkestinget legg vedlagt plan for det vidare arbeidet til grunn for den vidare politiske handsaminga av saka, med sak til samferdsleutvalet 17. juni og 1. oktober.

SAK 7/19 Fv. 623 - overtaking av lysanlegg i Vågsøy kommune

VEDTAK:

- 1 Lysanlegg på fv. 623 Deknepollen – Trollebø industriområde i Vågsøy kommune skal overtakast av Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 1. juni 2019.
 - 2 Drifta av lysanlegget på kr 50 000,- pr år skal finansierast innanfor ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.
-

SAK 8/19 Namn på tunnel på fv. 55 i Balestrand kommune

VEDTAK:

Tunellen på fv. 55 i Balestrand får namnet «Kreklingetunnelen»

SAK 9/19 Skriv og meldingar - hovudutval for samferdsle 19. mars

- 1 Vedtaksbrev - innspel til båtruteanbod
- 2 Innspel til nye båtruteanbod frå 2022

Møtebok Hovudutval for samferdsle 19.03.2019

- 3a Innspel til båtruteanbod 2022 - frå Flora kommune
- 3b Innspel båtruteanbod 2022 - Frå Flora, Vågsøy og Kinn kommune
- 3c Saksframlegg
- 3d Trafikktal Florabassenget 2015-2018
- 3e Oversikt over verdiskaping Florabassenget i Flora kommune
- 3f Innspel båtruteanbod 2022 for Florabassenget

- 4a Uttale om godsekspedisjon i Florabassenget
- 4b Ekspedisjon av gods på øyane i Florabassenget
- 4c Askrova kai og gods

- 5a Innspel til nye båtruteanbod frå 2022 - Nye Kinn kommune
- 5b Innspel til båtruteanbod 2022

- 6 Fv. 609 Dalsfjordsambandet – sluttrapport

- 7a Vurdering rundt spørsmål om tidlegare opning av vinterstengte vegar
- 7b Vedlegg til brev: Spørsmål om tidlegare opning av vinterstengde fjellovergangar 2019

- 8a Regionreformen, fylkeskommunens samfunnsutviklerrolle og nullvisjonen - anbefalinger fra Trygg Trafikk
- 8b Brev til fellesnemnda for nye Vestlandet fylkeskommune
- 8c Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018- tiltak i regi av fylkene og TT

- 9 Driftskontrakt 1403 Nordfjord

- 10 Tildeling av skjønstilskot etter flaum i 2018 til Sogn og Fjordane fylkeskommune

- 11a Søknad om forskottering av gang- og sykkelveg Loen - Solvik, Stryn kommune
- 11b Høyringsuttale regional transportplan 2018-2027
- 11c Godkjenning av Handlingsdel med økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019
- 11d Oversiktskart
- 11e Svar - Søknad om forskottering av gang- og sykkelveg Loen - Solvik, Stryn kommune
- 11f Retningslinjer for forskottering

- 12 Invitasjon til nominering av kandidatar til Samferdselsdepartementet sin trafikksikkerhetspris Trafikksikre kommunar-kandidat

- 13 Invitasjon om å komme med innspill om hovedutfordringer på transportområdet

- 14 Uttale frå fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane - Ungdomskort i Vestland fylke

- 15 Utgreiing av hurtigbåt Bergen - Ålesund: Endelig rapport

- 16 FV 93 Vadheim- Ullabø - spørsmål frå Sigurd Reksnes

- 17 Fjordvegkonferansen – IS Fjordvegen, Noralv Distad og Arnstein Menes deltek frå fylkeskommunen

- 18 Invitasjon til opning av kai på Skorpa
